

Verneombod – avtale om anna ordning

1. Denne avtalen er inngått mellom arbeidsgivar og alle tilsette.

Namn på bedrifta

2. Talet på tilsette.

Talet på arbeidstakarar (fast tilsette, heiltid og deltid, midlertidig tilsette og innleigde)

3. Avtalen inneber at det ikkje blir etablert verneombodsordning i verksemda slik det er moglegheit til etter arbeidsmiljølova § 6-1 (1) for bedrifter som samla har færre enn ti tilsette.

Avtalen skal sikre at arbeidstakarane blir tatt med på råd i spørsmål som gjeld arbeidsmiljøet.

4. Avtalen inneber at arbeidsgivar og arbeidstakarane samarbeider regelmessig og ved behov om vernetenesta i den daglege drifta.

Tiltak (sjå rettleiing nedanfor)

5. Avtalen varar i to år.

Stad og dato

Kontaktperson for dei tilsette sin signatur

Namn med blokkbokstavar

Arbeidsgivar sin signatur

Namn med blokkbokstavar

Alle tilsette sine signaturar

Namn med blokkbokstavar

Rettleiing

Som hovudregel skal alle verksemder velje verneombod. Dersom verksemda har færre enn ti tilsette, kan arbeidsgivar og arbeidstakarane avtale ei anna ordning. Alle arbeidstakarar skal telje med, medrekna fast tilsette (heiltid og deltid), midlertidig tilsette og innleigde. Ein slik avtale må vere skriftleg og innehalde ei forklaring på korleis vernearbeidet konkret skal bli tatt hand om. Eksempel på kva avtalen kan innehalde: nødvendige arbeidsmiljøtiltak, møtepunkt, korleis ta opp vernespørsmål, korleis handtere risikoforhold, arbeidsgivar sine plikter, plikta til å medverke for til dei tilsette osv.

Avtaleperioden skal gjelde for maksimalt to år, og avtalen må innehalde kven som er representanten for dei tilsette eller kontaktperson. Dersom verksemda inngår avtale om ei anna ordning, må alle tilsette signere avtalen. Arbeidsgivar må sørge for at alle tilsette har fått nødvendig opplæring og informasjon om vernearbeidet. Dersom verksemda endrar talet på tilsette slik at dei blir ti tilsette eller meir i løpet av avtaleperioden, må det dei velje verneombod. Arbeidstilsynet kan ved tilsyn og ut frå vurdering av risikoforhold, pålegge verksemder med færre enn ti tilsette å velje verneombod.

www.arbeidstilsynet.no/verneombud